




www.voss.kyrkja.no

Nr 1 | 2022 | 81. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



4 INFORMASJON
TIL
KONFIRMANTAR

7 SATSING
PÅ
UNGDOM

13 SENIORTREFF
VÅREN
2022

**DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP**

T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,
Signe og Marie
Fleischer

Kontor: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Telefon: 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keiserne. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss Kyrkjelege Fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Johnny Lemme, Einar Melve og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene vert give ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss Herad.

Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider er 09:00-15:00 alle dagar utanom onsdag, då er opningstida 10:00-15:00. Me er også tilgjengelege både på telefon og e-post, sjølv sagt.

Har du behov for å snakke med nokon, ta kontakt!

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Telefon: 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje Svein Tøsse

tlf 959 79 905. E-post st545@kyrkja.no

Kontorleiar Vibeke Lemme

tlf 922 45 274. E-post vl454@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

tlf 952 62 025. E-post rs625@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeiar Åshild Bøe

Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post ak649@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik

tlf 995 18 194. E-post cs222@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

tlf 478 49 134. E-post sm435@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

tlf 947 93 477. E-post vl555@kyrkja.no

Kantor Astrid Gjestvang

tlf 958 56 414. E-post ag678@kyrkja.no

Organist Frode Vik

tlf 952 62 084. E-post fv586@kyrkja.no

Organist Ellen Marie Selland Geithung

tlf 980 64 594. E-post eg395@kyrkja.no

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

tlf 481 36 520

Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

tlf 414 75 383

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt,

tlf 468 98 970

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje Trond

Olav Neteland, tlf 957 02 327

Gravar Vidar Bryn

tlf 996 00 940

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege

Ukvitne, tlf 918 74 201

Redaktør i Kyrkjenytt Randi Kløve

tlf 952 06 177. E-post rk858@kyrkja.no

Kontormedarbeidarar Idunn Holen og

Lene Brunborg.

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss, og fung.

sokneprest i Voss Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Ulvik og Granvin

Magnar Haaland

tlf 415 46 366. E-post mh977@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Cato Torsvik

tlf 974 23 459. E-post rt682@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

Prostiprest Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen,

tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsida: Tvindefossen, januar 2022, Randi Kløve.

S 3: Cdconel, Unsplash.com. S. 4 og 5 - Jamie Street og Brigitte Tohm, Unsplash.com. S. 13 - Ash from Modern Afflatus, Unsplash.com



Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i

Voss herad har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjekontoret), tlf 56 52 38 80.

Leiar er Svein Tøsse,
mobil 959 79 905.



**Neste nummer av
Kyrkjenytt kjem i vike
14. Frist for melding om
stoff er torsdag 17. mars.**



KROSSEN er vårt viktigste kristne symbol. Sjå våre altartavler rundt i landet. Dei fleste framstiller Kristus på krossen. Krossen finn vi i alle våre kyrkjer og Gudshus.

For nokre år sidan, var eg vikar ved Trondenes kyrkje i Harstad. Nøkkelen til den vakre middelalderkyrkja er særmerkt: den delen av nøkkelen som opnar sjølve låsen og opnar kyrkjedøra, er forma som ein kross.

Dette peikar framover mot ei hovudsak i evangeliet: ved sin død på krossen for våre synder, og oppstoda påskedag, opna Kristus himmelriket for oss.

Æva brøytte seg veg inn i tida!
Døra til Guds rike vart slegen opp på vidt gap – for oss!

Tydeleg hører vi dette ved dåpen:
«Gud vare din utgang og din inngang frå no av og til evig tid. Eg teiknar deg med krossens teikn, til vitnemål om du skal tilhøyre den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus, og tru på han»

Vi kjenner ordtaket: «Merkt for livet». Det kan vera hendingar; møte med menneske; ord som vart sagt til oss, som gjorde eit usletteleg inntrykk. I tida som sjømannsprest møtte eg fleire kirgs-seglarar som var blitt merkte for livet i Atlanterhavsfart mellom USA og England 1940-45.

Krossmerket som vi får i dåpen, merkjer oss for Livet. Livet med stor «L». For livet her og no i tida, og for livet som ventar oss i det fullkomne Guds rike: eg tilhøyrer Jesus Kristus; eg får følgja etter han i kvardag og helg. Mi tilhøyrsle og identitet her på jord er sjølvsagt knytt til familien og slekta eg

hører heime i. Ved dåpen og trua på Jesus, får eg ei tilhøyrsle som går langt djupare og lengre enn mine slektsrøtter.

«Den allmektige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, gjort deg til sitt barn, og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Han styrke deg og vare deg med sin nåde til det evige liv».

I medgang, og når livet går meg imot; gjennom tvil og spørsmål eg stiller meg: kan eg vera ein kristen slik eg lever? - så har eg ei forankring hjå Jesus som held meg fast – i liv og i død – til eg er framme i Guds rike.

Salmediktaren Eyvind Skeie har sett ord på dette i sin dåpssalme:

«På veien gjennom livet går jeg meg ofte vill, men dåpen vil fortelle jeg hører Jesus til.

Han sier: Kom tilbake! Han står med åpen favn
Så er jeg trygg ved troen i Jesu Kristi navn»
(Norsk Salmebok nr 590, vers 3 og 4).

Gled deg! Du har ein opna himmel kvelvd over livet ditt.
Om du stundom fordømer deg sjølv, er det inga fordøming for den som er i Kristus Jesus!
Han tilgir deg; reiser deg opp i det han seier:
«Følg meg!»

Til deg som har mista ein av dine kjære



På Voss har me tilbod om sorggruppe og samtale.

Sorga har mange uttrykk og rammar oss so ulikt. Samstundes er det slik at sorga møter oss alle. Å vere i sorg er krevande og vondt, men det er naturleg når me misser nokon som stod oss nær. Etter ei tid kan det vere godt å dele sorga og saknet med andre som og er i sorg. Å dele smerte kan lette byrden og gje ei kjensle av å ikkje vere aleine. Samt at det å møte andre i sorg kan gje ein ei kjensle av å bli forstått utan so mange ord. Me tek opp ulike tema knytt til sorg.

Gruppene vert leia av prest og diakon, er gratis og går over 10 kveldar.

Me tilbyr òg samtalar for dei som kjenner at det vert litt vanskeleg å delta i gruppe.

Du er velkommen til å ta kontakt for nærmare informasjon.
Kontakt diakonimedarbeidar Anja Kristin Slåtten tlf. 41 70 49 58

Konfirmantinformasjon

Konfirmant i år

No har me teke fatt på dei siste månadene før konfirmasjon i mai. Her er programmet for konfirmantane fram til konfirmasjonen:

OBS! Konfirmantane på Vossestrand og i Granvin har eige program.

Konfirmantane fra Evanger, Raundalen og Voss har dette programmet:

- Gruppetimar for Måndagsgruppene, Tysdagsgruppa og Onsdagsgruppa.
- Hjelpa-T-konfirmantane har att ei felles samling og fleire T-dagar der dei hjelper til.
- Refleks-konfirmantane møtes i Vonheim kvar torsdag og satsar på å laga konsert før konfirmasjonane.
- 18.-19. mars samlar me alle konfirmantane i Vonheim og Vangskyrkja, til ulike opplegg me vanlegvis har på turane til Helgatun.

Felles for alle konfirmantane:

- 3.-5. mars er alle konfirmantane med på Kirkens nødhjelp sin Fasteaksjon. Aksjonen i år heiter «Hjelp i ein dråpe». Kan me sette ny rekord i å samle inn pengar slik at fleire menneske kan få eit betre liv? Aksjonen vert antakeleg både fysisk og digital.
- Konfirmasjon i løpet av mai

Konfirmant 2023

I april sender me ut informasjon om konfirmantopplegget vårt til alle ungdomane som er fødde i 2008 og som er medlemer i Den norske kyrkja. Denne informasjonen vert òg lagt på nettsida vår og i sosiale media. Konfirmantopplegget er ope for ALLE som har lyst til å vera med, anten dei er medlemer i Den norske kyrkja eller ikkje. For å bli konfirmert må ein vere døypt, men det er ikkje eit krav for å vera med på alt som skjer før konfirmasjonen.

I tida fram til april vil me få på plass program for neste konfirmantår med konfirmasjon i mai 2023. Konfirmasjonsdatoane finn de på nettsida vår: <https://voss.kyrkja.no/Born-og-unge/Konfirmasjon>

Både ungdomar og føresette vert inviterte til informasjon om konfirmant-tida i den aktuelle kyrkja. Info om tid og stad kjem i informasjonen me sender ut.

Besøkstenesta

Å vere eit ljós i kvardagen for kvarandre

Kyrkjelyden driv ei organisert besøksteneste i bygda som er for deg som bur heime og ynskjer meir sosial kontakt, eller som ikkje lenger kjem deg så mykje ut.

Ein besøksven kan være: ein å snakke saman med, gå ein tur saman med, gå på bibliotek eller konsert, følgje til butikk eller lege, og er ein som har god tid. Ein og same besøksven kjem fast heim til deg etter avtale de saman har laga, og ein besøksven har teieplikt.

Du er velkommen til å ta kontakt med oss om dette kan være noko for deg!

Helsing Anja Kristin Slåtten, diakonimedarbeidar
tlf. 41 70 49 58 eller mail: as257@kyrkja.no

Har du tid og rom til å vere ein besøksven?

Kyrkjelyden har ei stor gruppe frivillige som besøker menneske som har meldt inn at dei ynskjer besøk av nokon fast. Dei som ynskjer å melde seg som besøkjar får god informasjon, kurs og oppfølging av diakon. Besøksven har teieplikt.

Me har behov for fleire – så ta gjerne kontakt for meir informasjon.

Til deg som allereie er besøksven; Du kan vere det einaste lyspunktet for det eine mennesket i løpet av veka/månaden. Så tusen takk til deg, kjære medmenneske! Vårt håp er at me skal klare å ta godt vare på alle dei frivillige som stiller opp, både med omsorg og fagleg oppfølging.

«Av og til trur me at det me gjer er kun ei dråpe i havet. Men havet ville vore mindre utan den dråpen.»
Mor Theresa.

Helsing Anja Kristin Slåtten – diakonimedarbeidar,
tlf. 41 70 49 58



Kyrkjekaffi

I soknerådet er det ei nemnd som lagar kaffi med noko attåt til kyrkjekaffien etter gudstenesta. Nemnda lagar til kyrkjekaffi ca. ei gong i månaden. Det er ei kjekk nemnd å vera med i, og det hadde vore flott å vere fleire.

Så kan du tenkja deg å hjelpe koka kaffi og bake ei kake av og til, ta gjerne kontakt med diakonimedarbeidar Anja Kristin Slåtten tlf. 41 70 49 58

Samtalekveldar

Oppstart av samtale kveldar i Kyrkjetunet på Voss, mandag 21. mars kl.18.00.

Ulike viktige tema i livet blir teke opp.

Alle er hjarteleg velkomne til gode samtalar!

Har du spørsmål ta gjerne kontakt med diakonimedarbeidar Anja Kristin Slåtten tlf. 41 70 49 58 eller diakon Sigrid Djukastein Mala tlf. 47 84 91 34

Misjonsprosjektet



Kvinner i spissen for meir fred

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

Situasjonen i Etiopia er framleis svært vanskeleg. Krigen går føre seg i den nordlege delen av landet. Det er også ustabilt i mange andre stader. I kyrkja er det likevel nokre fryktlause kvinner som går i spissen for å mobilisera lokalsamfunnet mot vald og for fred. Presten Desta Danso leier kvinnedepartementet i Dara synode. Ho forsto kor viktig kvinnene sin rolle er for å skapa fred i kyrkja, så skulen, i lokalmiljøet og i storsamfunnet.

Desse kvinnene kan ikkje stoppa krigen andre stader i Etiopia, men dei kan vera gode føredøme for andre. Desta har fått med 7500 kvinner i arbeidet for fred og forsoning. Ho fekk ikkje midlar til opplæring av kvinnene, men dei kjende likevel på ei plikt til å vidareføra det dei hadde lært gjennom prosjektet. Ei av dei var Hana. Ho tok opp eit privat lån frå naboar og arbeidskollegaer. Ho ynskte å møta 70 menigheter i synoden. Dette gjorde ho ved å samla representantar på 7 plassar. For å koma rundt, måtte ho leiga ein motorsykkel. På kvar plass samla ho kvinner og menn og snakka om kor viktig det er å stå saman mot vald og for nestekjærleik.

Hana fortel at kvinner er under større press enn menn. Mellom anna får ikke kvinner dekka utgifter til bensin når dei reiser rundt til kyrkjene. Men menigheter samla inn pengar til Hana i takksemd. Dermed fekk ho betalt på same måte som menn.

NMS-utsendingane Sophie Kuspert-Rakotandrainy og Mparany Rakotondrainy og dei tre barna deira måtte reisa frå Etiopia i november, men kom heldigvis attende til Addis Abeba 3.januar. Dei fleste prosjekta har gode resultat trass vanskelege tilhøve. Dette fortel Sonja Kuspert på vegne at heile Etiopia-staben. Ho skriv at dei er imponert over pågangsmotet til dei etiopiske kollegaane. Støtta dei får er viktig som aldri før.

Be om at arbeidet til tilsette og friviljuge må lukkast og at tilhøva må bli fredelegare i Etiopia.

Voss kyrkjelydstøtta NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.

Misjonsprosjektet har eigen Vippskonto: 505877.



Foto: Yihun Berhanemeskel

Satsing på ungdom

«Sjå, eg gjer noko nytt.
No spirer det fram.
Merkar de det ikkje?
Ja, eg legg veg i ørkenen,
elvar i øydemarka.»
-Jesaja 43.19

For nokre har dei siste to åra kjenst litt som å leve i ein ørken. Sosial øydemark, tørke på aktivitetsfronten, og kanskje òg på det området som har med Gud å gjere?

Denne våren ynskjer Kyrkja å styrke satsinga på ungdom etter konfirmanttida. Me veit at mange unge saknar arenaer der dei kan treffe andre, og mange har spørsmål om livet, mening, om tru og tvil. Kyrkja inviterer til ungdomsgudstenester der unge kan møtast og få utforske slike spørsmål. Toler bodskapen om Jesus møtet med livet og med kritiske innvendingar? I tillegg inviterer me til «Tru- og tvil-grupper» der me kan snakke litt meir om slike temaer.

Alle aldrar er velkomne på ungdomsgudstenestene, inkludert konfirmantar. Gjerne foreldre og besteforeldre òg. Desse samlingane er kortare enn ei vanleg gudsteneste, har med band, og tek opp temaer som unge kjenner seg att i, i ljos av tekstar frå Bibelen. Etter gudstenesta samlast alle som vil frå 10. klasse og oppover til henging, prat, snacks, mat eller ein aktivitet.

Ungdomsgudstenestene blir planlagt og gjennomført av eit team av ungdom, saman med ungdomsprest Vetle Leksbø og nokre gonger kateket Rønnaug Skjeldal. Men dette er ikkje noko ansatte og ein gjeng ungdommar kan gjere heilt aleine i lengda. Dette er heile Kyrkja på Voss si satsing, og det er behov for frivillige til praktiske oppgåver, anten før, under eller etter samlinga. Alder har ikkje noko å sei, berre du er glad i ungdom og ynskjer å bidra.

Pandemien ser ut til å late, det er tid for å samle, og satse på, ungdom. Me vonar at ungdomsgudstenestene og «Tru- og tvilgruppe» kan få være som ein veg i ørkenen, eller ei elv i øydemarka.

Ungdomsgudstenester i Vangskyrkja i vår:

- Sundag 13. februar kl 19 (**obs - i Vonheim**)
- Fredag 18. mars kl 19 for alle konfirmanter + andre
- Måndag 18. april. (2. påskedag) kl 19
- Måndag 6. juni (2. pinsedag) kl 19

Tru- og tvilgruppe:

Enkelte torsdagar i Vonheim, ca kl 21.00 (10. klasse og oppover).

Sjekk kalenderen på www.voss.kyrkja.no eller Facebook når det nærmer seg for meir info. Ta gjerne kontakt med ungdomsprest Vetle Leksbø om du lurar på noko eller vil engasjere deg. Tlf 94793477 eller e-post vl555@kyrkja.no.



I kjellaren i Vonheim har eit nytt band-rom teke form den siste tida. Her er lagt ned mang ein dugnadstime!!
Foto: Vetle Leksbø.

Vinnar av konkurransen i Jolekveld i Kyrkjelyden (nr 7/2021) vart Brit Skram. Premie er sendt i posten!!

Gratulerer!!

SuperOnsdag

Kyrkja fortsetter nysatsinga på familiar saman med Voss KFUK-KFUM: Superonsdag. Det blir ulike aktivitetar for born, leik, konkurransear, barnegospel, legobygging, fotball og mykje meir!

Her kjem mange ulike familiar, og det er ein god arena for å verte kjend med andre. Middag serveres frå kl 16 og opplegget er ferdig kl 18.

Datoar våren 2022:

- 2. mars
- 23. mars
- 20. april (?)
- 11. mai
- 1. juni



Me har mange kjekke leiker!



Me har kjekke konkurransar ute, og det hender Løva Leon dukkar opp.

Nokre gonger et me ute, andre gonger et me inne.





f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.
Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at
alle døpte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli
inviterde til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året
fram til dei fyller 18 år.
På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har
skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

Sidan jolenummeret oppsummerte mykje av 2021 så var det nokre T-dagar mot slutten av året som ikkje
vart omtala. Desse kan de lesa om i dette nummeret.

Undretur/Barnebibel/Jolekrybbeverkstad

T₃ T₄ T₅

Bolstadøyri
bedehus



Tradisjonen tru så vart
3-, 4-, og 5-åringane frå
Evanger og Bolstadøyri
sokn inviterte til T-dag på
Bolstadøyri første søndag
i advent. Der var det felles
gudsteneste der fireåringane
fekk kvar sin barnebibel.
Etter ein deilig kyrkjekaffi fekk
treåringane ein undretur i
bedehuset, medan
femåringane fekk lage kvar si
jolekrybbe til bruk både i
advent og i jola.

T₅

Voss

Jolekrybbeverkstad



Gabriella Istad Kristiansen med si
flotte jolekrybbe

Også i år måtte me legge til
rette for jolekrybbeverkstad
i heimen for femåringane
i Voss sokn. Femåringane
kom til Vonheim der dei fekk
utlevert kvar si
materialpakke. Vel heime
skulle dei lage jolekrybbe.
Her er nokre av bileta me
har motteke av dei ferdige
jolekrybbene.



Laga av
Jon Gerald



Laga av
Sondre Jordalen
Herheim

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T₅

Vossestrand



Jolekrybbeverkstad

Ein tidleg sundagsmorgen i november møtte femåringane i Vinje kyrkje, klare til jolekrybbeverkstad. Me starta med felles frukost, før ungane fekk høyra forteljinga om kva som skjedde i Betlehem for over 2000 år sidan, då Jesus vart født. Så fekk femåringane, med hjelp frå føresette, lage si eiga jolekrybbe. Desse fekk dei vist fram i gudstenesta etterpå, der også barnekoret deltok.

**T₁₁**

Vossestrand

LYS VÅKEN



Tårnsafari



11-åringane på Vossestrand var dei einaste i området vårt som fekk delta på Lys Vaken. Det vart ein stemningsfull kveld der store delar av både kyrkja og trua vart utforska. Me lærte om korleis me kan vera lys for kvarandre og korleis Gud er lys for oss.



Barnehagevandring

Før nedstenginga i starten av desember fekk me gjennomført nokre barnehagevandringer. Me er takknemlege for dei me fekk gjennomført og lei oss for det som måtte avlysast. Heldigvis kjem engelen Gabrielle og Keisar Augustus tilbake på besøk, direkte frå Betlehem, også mot slutten av 2022.


T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

BARNAS

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.

Kva skjuler seg her?



Vitsar

– Eg vil kjøpe ein hatt.
– Veit du kva storleik du brukar?
– Nei, men eg tok med hovudet for tryggleiken si skuld.

Finn fem feil!

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? Teikning: Kari Sortland



Ein mann kom inn på ein bensinstasjon og spurde dama bak disken:

- Har du ein sånn bustete og morosam liten figur som eg kan henge på spegelen inni bilen?

Dama ropa til mannen sin som var i verkstaden:

- Lars, det er nokon her som vil kjøpe deg!

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

Misjon og Mosjon – Misjon og Motivasjon

Alle er hjarteleg velkomne til misjonssamlingane kl.18.00 - 20.00 i Prestegarden på Voss. Enkel servering.

Plan for vårsemesteret 2022:

26.januar	Misjon og motivasjon
16.februar	Misjon og motivasjon
20.mars	Misjonssundag. Gudsteneste kl.11.00. Etterpå vert det basar i Prestegarden. Roar Vik medverkar begge stader. Han har fokus på Etiopia. Me, er veldig glade for gevinstar til basaren. Desse kan leverast inn på Kyrkjekontoret.
6.april.	Påskevandring på Urdland
... mai.	Misjon og mosjon
... juni.	Misjon og mosjon

Misionssamlingane er ei vidareføring av kvinneforeningane, som tidlegare var i alle grender, der dei kom saman til fellesskap i heimane og samla penger til misjonen.

Våren 2021 starta Misjonsnemnda i Voss sokneråd opp med misjonssamlingar, som no er for **alle**. Desse kaller me Misjon og Mosjon. Dette er samlingar der me møtest ute og/eller inne. Dei som vil, kan gå ein tur først, før me har ei felles samling med ulike misjonstema. Me legg opp samlingane slik at alle kan delta. Dei som ikkje ynskjer å gå på tur, har

fellesskap over ein kopp kaffi/te før alle samlast til eit felles møte. Dette er samlingar som går gjennom sein-vår til haust.

Gjennom vinteren vil me ha samlingane inne, og kallar dei Misjon og Motivasjon.

Me får informasjon om Det norske misjonsselskap (NMS) sitt arbeid i ulike land, og samtalar om tema me finn i NMS sitt samtalehefte "Use your talents".

NMS arbeider for:

- at fleire skal få høyra om Jesus
- at born, med spesielt fokus på jenter, skal få skulegang
- at grupper som vil koma i gang med småverksemder, får lån, slik at dei kan brødfø familiene sine
- at bøker blir omsette til lokalspråket
- at det vert arbeidd med tiltak som kan betra helse og hygiene m.m.

Velkomne til ei triveleg stund der me kan inspirera og bli inspirerte til vidare misjonsengasjement!

Ta gjerne med deg nokon du kjenner.

NB! Samlingane er for både menn og kvinner.

Familiegudsteneste 5. desember

5. desember inviterte me til familiegudsteneste i Vangskyrkja. Der var det band, ballongkonkurranse, besøk av løva Leon og preike om korleis Jesus vil hjelpe oss å bere den tunge sekken som livet nokre gonger gjev oss. Etter gudstenesta inviterte Trusopplæringa alle barn med deira familie til gratis pizzafest på Scandic. Over 70 personar deltok og det var ein veldig kjekk dag.



TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 400040

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Seniortreff

Velkomen til seniortreff i Vonheim
tysdagar kl. 12.00 –14.00.

Her vert det ulike kulturelle innslag og tema, andakt og allsong, og eit godt måltid og ein kopp kaffi med noko å bite i.

Pris kr.100,-
Har du bruk for skyss
har me kjekke skysskarar.
Ring 47 84 91 34, gjerne kvelden før.

Program for våren 2022:

1. mars kl. 12.00 –14.00
Arne K. Mala – Naturfoto.

5. april kl. 12.00 –14.00
Sigfrid Nåsen – “Å halda seg i form og vera i aktivitet”.

10. mai kl. 12.00 –14.00
Bernt Daltveit – Helse.

14. juni kl. 12.00 –14.00
Ellen Marie Selland Geithung – Song og musikkstund.

 <p>VOSS SPAREBANK - skaper verdier for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - Tlf. 56 52 03 00</p>	 <p>MYRK DALEN myrkdalen.no</p>	 <p>Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 <i>- med tilbod til liten og stor</i></p>
<p>Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.</p>  <p>Mia gaver</p>  <p>VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING</p>	<p>Me ordnar alt vedrørande dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p>VIRKE GRAVFERD  <i>Vinsands</i> GRAVFERDSBYRÅ</p> <p>Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67</p>	 <p>AZETS</p> <p>Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourcing</p>
 <p>O.L.KYTHE AS entreprenør</p> <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p>Voss Energi <i>-rein vossakraft!</i></p>	 <p>Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?</p> <p>pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36</p>
<p>Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjenytt! Send ein e-post til: rk858@kyrkja.no eller ring 952 06 177.</p>	 <p>KIWI mini pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>	<p>GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyinger og oppussing – ta kontakt med:</p> <p>STEIN & MERKE</p> <p>Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>
<p>Nordhordland Begravelsesbyrå AS</p> <p>VIRKE GRAVFERD</p> <p>Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no</p> <p>Start utvalg i blomster og gravminne!</p> <p>KYRKJEVegen 1 5911 Alversund FREKAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug</p> <p>AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70</p> <p>Me går saman med deg heile vegen</p>	 <p>Voss Blomster handel Tlf 56 51 31 96</p>	<p>Voss Bokhandel</p> <p>Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>
<p>Din røyrleggjar i sentrum</p> <p>Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S</p> <p>Installasjon - Service - Vedlikehald Velkommen i butikken!</p> <p>Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss</p> <p>REGJENT FOR NORSK SPERSETT</p>	<p>VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS</p> <p><i>Vi ordnar alt vedrørande dødsfall. Kransar, oppsatsar og bårebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument.</i></p> <p>Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766</p>	 <p>vått&vilt Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995</p>
<p>Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjenytt! Send ein e-post til: rk858@kyrkja.no eller ring 952 06 177.</p>	<p>HMV Maskin EIK SENTERET</p> <p>Stolte tradisjonar, ny næring</p>	<p>Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 91 50 hmvgruppa.no Verkstad og delerlager</p> <p>GUNNAR LILLETHUN Anleggsgartner og trepleiar Tlf. 901 19 315 - www.lillethun.no</p>

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

14.11.21	Nicolai Almeland Christensen
14.11.21	Ingrid Netland Fære
14.11.21	Live Thorsnes Mykkeltvedt
14.11.21	Joar Himle Hamre
21.11.21	Kevin Styve Nåmdal
21.11.21	Lovise Gullbrå Haugo
21.11.21	Malvin Rørlien Hirth.
21.11.21	Joar Kvamme Stedje.
28.11.21	Henrik Breistein
28.11.21	Håkon Viik Mofoss

28.11.21	Odin Rykke Tvenge
28.11.21	Magnus Nessa Mofoss
05.12.21	Maia Kvist Lone

Evanger og Bolstad sokn:

13.11.21	Alv Sivert Otnem Rasdal
13.11.21	Othelia Mykkeltveit

Granvin sokn:

28.11.21	Ida Ljones
----------	------------

DØDE

Voss sokn:

05.10	Olina Dugstad, f. 1933
08.11	Johan Dolve, f. 1931
11.08	Kjell Øyvind Harberg, f. 1953
16.11	Mona Ali Rowai, f. 2020
18.11	Oscar Svensson, f. 1928
19.11	Åse Himle, f. 1933
19.11	Torstein Dagestad, f. 1942
20.11	Aud Arnhild Furuberg, f. 1924
21.11	Hallvard Aldal, f. 1937
24.11	Borghild Lemme, f. 1924
27.11	Inger Kaldestad, f. 1982
01.12	Brita Tesdal, f. 1935
08.12	Samuel Boye Meyer, f. 1937
08.12	Lidvard Faaberg, f. 1939
09.12	Jon Martin Fletre, f. 1935
10.12	Kari Lydvo, f. 1934
10.12	Svein Fostås, f. 1938
14.12	Alma Tveitarås, f. 1922
20.12	Ingjerd Rio, f. 1925
21.12	David Gjeraker, f. 1924
22.12	Bergly Marie Nesheim, f. 1931

13.01	Knut Seim, f. 1939
19.01	Dagny Myrland Haga, f. 1937
22.01	Målfrid Kløve, f. 1930
23.01	Gudrun Handegård, f. 1928

Oppheim sokn:

28.12	Dagunn Grindheim, f. 1933
-------	---------------------------

Vinje Sokn:

01.01	Ragnhild Annlaug Sausjord, f. 1940
-------	------------------------------------

Granvin sokn:

23.11	Irene Hommedal, f. 1925
26.11	Hellfrid Edit Kvandal, f. 1942
13.01	Andres Seim, f. 1937

Evanger og Bolstad sokn:

27.11	Anders Nesse, f. 1939
03.12	Ingrid Mykkeltveit, f. 1923

Raundalen Sokn:

19.09	Arne Sørensen, f. 1955
-------	------------------------



DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

- Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- Presten** tek kontakt for å avtale ein samtalé, ofte nær dåpsdatoen.
- Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.

Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste. Ein kan t.d. låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida www.voss.kyrkja.no/dåp

INFORMASJON

KYRKJENytt FOR
VOSSABYGDENE
PB 49
5701 VOSS

Gudstenesteliste

Bolstadøyri bedehus:

13.03 kl 1100 Gudsteneste. Bø.

Evanger kyrkje:

27.02 kl 1100 Gudsteneste. Bø.

27.03 kl 1100 Gudsteneste. Hellesøy.

Granvin kyrkje:

06.03 kl 1100 Gudsteneste. Haaland. Offer:
Kyrkjelydsarbeidet.

27.03 kl 1600 Gudsteneste, T7 Barnas Påskefest. Haaland.
Offer: Helgatun.

Oppheim kyrkje:

06.03 kl 1100 Gudsteneste i **Jordalen kapell**. Torsvik.

13.03 kl 1930 Folkemusikkmesse. Torsvik.

03.04 kl 1100 Gudsteneste. Torsvik.

Raundalskyrkja:

26.02 kl 1100 Gudstjeneste. Torsvik.

27.02 kl 1000 Gudstjeneste i **Mjølfjell kapell**. Torsvik.

13.03 kl 1100 Gudstjeneste. Årsmøte. Torsvik.

Vangskyrkja:

27.02 kl 1100 Gudsteneste. Sandvik.

02.03 kl 1900 Skriftemålgudsteneste. Hellesøy.

06.03 kl 1100 Gudsteneste. Øystese.

13.03 kl 1100 Gudsteneste. Øystese.

20.03 kl 1100 Gudsteneste, misjonsfest. Øystese.

27.03 kl 1100 Gudsteneste. Øystese.

03.04 kl 1100 Familiegudsteneste, Barnas Påskefest.
Sandvik.

Vinje kyrkje:

27.03 kl 1100 Gudsteneste, T7 Barnas Påskefest. Torsvik.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

Vær merksam på at det kan kome endringar på oppsett gudstenesteliste! Følg med i Avisa Hordaland eller på nettsida vår: www.voss.kyrkja.no.

Aktivitetskalender

T-dagar:

- 4. mars:** T8 Tårnagent for Vinje og Oppheim sokn.
9. mars: T8/9 Tårnagent for Evanger og Bolstad sokn.
14. mars: T8 Tårnagent for Voss og Raundalen sokn.
27. mars: T7 påskevandring for Granvin sokn.
1. april: T7 påskevandring for Vinje og Oppheim sokn.
3. april: T7 påskevandring for Voss og Raundalen sokn.

Superonsdag:

- 2. mars kl 16-18**
23. mars kl 16-18

Seniortreff i Vonheim:

1. mars kl 12-14.

5. april kl 12-14

Meir info i Avisa Hordaland når det nærmar seg.

Misjon og Motivasjon:

20. mars

6. april